

INFORMASJON

# Kyrkjebladet for VAKSDAL

74.ÅRG./ NR.3 - 2020



**Frivillig arbeid**

Side 4

**Konfirmantbilde**

Side 8-9

**Slekters gang**

Side 11

**DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam  
Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)  
E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

**Ekspedisjonstid: Tys.og ons. kl. 11-14****Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62 / E-post: br233@kyrkja.no

**Sokneprest Edvard Bø**

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn  
Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn  
Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

**Trusopplærar Kristin S. Audestad**

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

**Organist Ruben S. Gjertsen**

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

**Organist Anton Proskurnin**

Mobil: 48 23 29 77 / E-post: ap244@kyrkja.no

**Vaktmeistar Ottar Dalseid**

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

**Samtale med presten**

Prestane står til disposisjon for samtale.  
Avtal helst på førehand.  
Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,  
konfirmanttida og Kyrkjebladet finn  
du på [www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

**GATEADRESSER:**

**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065

**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1

**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014

**Eksingedalen kyrkje:** Sørdaalsvegen 10

**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31

**Stamnes kyrkje:** Gruvevegen 19

**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34

*Bilete på framsida: Eksingedalen kyrkje gjort klar til å bli måla. Foto: Lars Patterson*

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 9. november.**

Kyrkjebladet du no held i hendene er på mange vis tynnare enn det brukar å vere.

Grunna m.a. koronatida og sjukemeldingar manglar noko av det stoffet me elles ville hatt i dette bladet: Konfirmantbilete, intervju og Vegen-sidene.

Me vonar at bladet likevel er til både nytte og glede, og skal kome sterkare att i seinare nummer.

**Koronasumaren 2020**

Ja no har dei aller fleste lagt bak seg sumarferien 2020. Og eg vil tru at dei fleste som meg har vore på Noregsferie. For vår del hamna me på Sørlandet, rett og slett for at det ikkje regna der. Som «resten» av Norges befolkning hadde me bestemt oss for at camping var tingen. Etter å ha vore til Åsane og kjøpt telt, soveposar, liggeunderlag, stormkjøkken, lommelykter og mykje anna var me klare.

Rådet du får når du reiser på ein slik tur er å slå opp teltet før du reiser. Dette fann underteikna ut ikkje var naudsynt, sidan han hadde slått opp telt før (At det er meir enn 20 år sidan, spelte inga rolle). So me pakka i bilen, og køyrdé av garde.

Når me omsider kom fram til der me skulle bu, viste det seg at denne campingen var full. Det var den neste også, men etter mykje leiting fann me nokon som hadde «rom i herberget.» Me fekk tildelt vår heilt eigen flekk med gras på 8 m<sup>2</sup>. Dette skulle vera heimen vår. Endeleg kunne eg begynne å slå opp teltet.

Det å slå opp telt viste seg å vera litt av ei utfordring. Teikningar på korleis ein skulle gjera da fans ikkje, sola varma og timane gjekk. At det sat folk rundt på alle kantar, som alt hadde fått sine telt opp, og hadde gratis underhaldning gjorde ikkje sakta betre. Til slutt fann kona ut av korleis det skulle gjerast og far kunne raudsprengt og skamfull gøyma seg i teltet.

Når sola gjekk ned og kvelden kom sigande, og far hadde laga middag og satt kaffi på kok i beste Lars Monsen-maner, var det berre å sitta å kosa seg. Hadde det berre ikkje vore for myggen. Eg er ganske sikker på at Gud var ganske trøytt den dagen han skapte myggen. Dette dyret er saers plagsamt og har ikkje hørt om nokon 1-meters regel. Resten av ferien fortsette litt på same måte, og endte opp med ein lum-bago og det som no begynner å verta eit nært og (for han) innbringande venskap med kiropraktoren.

Eg er utslitен og treng ferie etter ferien, godt det berre er sumar ein gong om året.

**Bjart-Magnus N Rosvold, Kyrkjeverje**

**Fellesrådsleiar:**

Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25  
e-post: lars.patterson@vetlejord.com

**Soknerrådsleiarar:**

Bergsdalen: Lise-Lotte D. Småbrekke,  
tlf. 91 34 03 64

Dale: Brith Kydland, tlf. 48 13 06 64  
Eksingedalen: Bjørg Lavik,  
tlf. 95 14 37 76

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim,  
tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet,  
tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale,  
tlf. 99 26 81 28

**Den norske kyrkja si heimeside:**

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

**Bjørgvin bispedømme si heimeside:**

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:**

Kyrkjeverja i Vaksdal

**Grafisk utforming:**

VaksdalPosten

**Kasserar:**

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:**

Bodoni AS, avd. Hardanger,  
Øystese. Tlf. 46 63 09 33

**Retur til:** Kyrkjekontoret for  
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam



## *... at kjærleiken dykkar må bli rikare og rikare på dømmekraft og innsikt*

Har kjærleik noko med dømekraft og innsikt å gjere? Handlar det ikkje om kjensler - og om ein relasjon til andre menneske. Eller for mange: Ein relasjon til naturen, til dyr, til ei sak, til eit fotballag - for å nemne noko? Eg tek ikkje mål av meg å vite eller skrive alt som kan seiast om kjærleik. Korkje det eg har av utdanning, vit, røynsle eller noko anna vil vere nok til det. Om andre veit alt om kjerleiken må dei berre stå fram, men temaet er vel ei kjelde til samtalar og diskusjonar i all æve.

Når det gjeld kjensle-delen er vel kjærleik noko som kan føre oss til dei djupaste botnane og dei høgaste toppane. Kjærleiken kan få oss til å kjenne oss verdfulle - og verdlause. Kjærleiken frå andre kan gjere at me kjenner livet som verd å leve - og manglande kjensle av kjærleik frå nokon kan få livet til å kjennast meiningslaust og ikkje verd å leve.

Kjærleik kan og handle om fysisk tiltrekking, om noko me kan brenne etter og noko som tek heilt kontroll over oss. Om nett alt dette er kjærleik er ikkje godt å avgjere. Det kan vere tiltrekking og krefter som ikkje har med kjærleik å gjere, og det kan vere noko som hører uløyseleg knytt til kjærleik.

Kjærleik er ei drivkraft mellom oss menneske, til dømes mellom to personar, i familie og slekt, og blant venner. Kjærleik synes og å vere ei drivkraft hos bibelens Gud både då Han skapte himmel og jord og når han i ettertid har halde liv i skaparverket. Hos Gud er det meir enn ei kjensle. Det er ei handling, og den handlin-ga har eit namn: Jesus Kristus.

Kva har så kjærleik og «dømmekraft og innsikt» å gjere med kvarandre? Heller ikkje her har eg all innsikt. Men eg vågar meg frampå med ein tanke om at det mest av alt fortel om kjærleik som noko mykje meir enn sterke kjensler og fysisk tiltrekking. Det handlar om omsorg for menneska rundt seg - både dei nære og dei mindre nære. Det handlar om å våge å sjå konsekvensane av våre val, sjølv dei som me meiner er gjort i kjærleik, slik at ikkje vår kjærleik alltid får oss til å velje det som er til fordel for oss. Kan me seie at størst av alt er nest-ekjærleiken?

Det er Paulus som skriv orda i overskrifta, i et brev til kyrkjelyden i Filippi, og dei var ein del av preiketeksten for andre søndagen i september. Men orda er gyldige utover nett den søndagen - slik me tenkjer Guds Ord er til ein kvar tid. Med kjærleik som tema skulle desse orda vere relevant for alle menneske, uavhengig av om ein vedkjenner deg ei kristen tru eller ikkje. Les gjerne heile brevet, men her er nett dei orda som var preike-teksten:

*Og dette bed eg om,  
at kjærleiken dykkar må bli rikare og rikare på  
dømmekraft og innsikt,  
så de kan skjøna og avgjera kva som er viktig,  
og stå reine og ulastelege på Kristi dag,  
fylte av rettferds frukt  
som veks fram ved Jesus Kristus, til lov og ære for Gud.*

(Paulus' brev til Filipparane 1, 9-11)

*Med venleg helsing  
Frode Kvamsøe*

# Mykje flott frivilleleg arbeid



**Dugnad:** Anne Margrete Eikefet (bur på Eikefet) og Monica Myster Dyvik (oppvaksen på Eidsland) er dei som har gjort dette arbeidet, med litt hjelp frå Monica sin mann Frode.

Sumaren 2020 har vore ein særskilt aktiv sumar. Det er gjort mykje flott frivillig arbeid ved kyrkjene våre og på gravplassane.

På Eidslandet gravplass er det gjort eitt kjempearbeid, som du kan lese om i eit eige stykke.

I tillegg er porten inn til gravplassen ordna. Det var og ein kyrkjegardsdag der i vår.

Når ein var ferdige med Eidslandet gravplass skulle ei kanskje tru at dugnadsgjengen var gått trøyte, men nei. Jammen har dei ikkje gjort ein stor innsats på utsida av Stamnes kyrkje og på gravplassen.

Bergsdalen sokneråd har vore i sving på Bergsdalen gravplass. Her har dei fylt i

jord, og retta på gravsteinar. Det er mykje som har skjedd i Bergsdalen denne sumaren, du kan lese meir om dette i intervjuet med Markus Dalseid Landro.

Ved Vaksdal kyrkje har også dugnads gjengen vore i sving denne sumaren. Det er blitt luka i grasgongar og trappene opp til kyrkja har også fått fint stell.

Ved Nesheim og Eksingedalen kyrkje har og sokneråda skipa til kyrkjegardsdag, og mellom anna sytt for at dei som kom kunne kjøpe blomar og planter på staden.

## Stor dugnadsinnsats på Eidsland

I sommar har to iherdige soknerådsmedlemar gjort ein stor innsats for å gjøre gravplassen på Eidsland vakker. Muren er gjort rein for mose, og han sat godt fast. Han vart fjerna med hogtrykk-spylaner, og spyninga avdekkja ujamne parti i muren. Dette kan ein legge merke til når ein ser etter, men slik var altså muren under mosen. Dei planlegg og å få vekk voksteren på utsida av muren, slik at muren kjem betre fram.

Dugnadsfolka i har og fjerna jord og gras for å få fram grusgangen rundt kyrkja - eit arbeid dei ikkje er heil ferdige med ennå. Like eins er det fjerna jord og gras for å få fram steinhellene som ligg rundt kyrkja.



## Eksingedalen kyrkje

Tysdag 8. september starta me opp arbeidet på Eksingedalen kyrkje.

Dette arbeidet er planlagt å vera ferdig 2. oktober. Det var Maler-firma Monsen som vann tilbodskonkuransen. Det er eit stort og omfattande arbeid som skal gjerast, og kyrkja vil vera stengt under arbeidet.

Fyrst vil ein bygge stillaset på heile kyrkja. Dette stillaset vil vera kledd inn i plast. Dette er ein stor fordel sidan plasten vil hindre stov, smuss og skitt frå å bli spreidd ut-

over. Etter at stillaset er dekkja til, vil ein rehabilitera veggane på kyrkja. Det er dette arbeidet som tar lengst tid, og som ein vil bruka heile to veker på. Når me kjem så langt at ein kan legge ny maling på kyrkja, vil ein også ha fordel av at stilasen er pakka inn i plast. Dette betyr at ein vil kunne jobbe, so lenge ikkje være er so altfor ille.

Me gler oss svært til at kyrkja i Eksingedalen igjen kan verta .





**Måling:** Markus Dalseid Landro måler vindaugekarmar.

## Markus arbeidde på Bergsdalen kyrkje

Markus Dalseid Landro har vore med bestefar Ottar og arbeidd på kyrkja i Bergsdalen i sommar.

Der vart det gjort eit etterlengta arbeid både på sjølv kyrkja og på klokketårnet på gravplassen. Kyrkjebladet har teke ein liten prat med Markus om arbeider dei gjorde.

### Kva arbeid er det de har gjort?

- Me har skrapa og mala oppatt karmane i vindauge. Dei tok me av, og me måla dei nede i kyrkjesalen. Me skrapa og måla og dei utvendige dørene og delar av inngangspartiet. Og så har me måla porten inn til kyrkja. På klokketårnet har me rive gammal kledning, sett opp ny, og måla han.



opp. Og elles måtte me jo passe på at me ikkje grisa til golv og andre ting då me sto inne og måla karmane på vindauge.


Markus fortel at han var med på det meste av arbeidet: Skraping, måling, riving og å setje opp ny kledning. Og på spørsmål om noko av arbeidet var kjedelig svara han raskt: Skrapinga!

- Men det må jo gjerast, så det er greitt, legg han til.

- Bestefar tenkte mykje på arbeidet og korleis arbeidet skulle gjerast.

Og så stoppa han brått opp når

han fekk nokre gode idear. Og han lika å ta matpausar, for dei meinte han var viktige!



**Vedlikehald:** Markus i full sving med vedlikehaldsarbeid på Bergsdalen kyrkje i sommar.

### Kor lenge heldt de på?

- Me held på ei god stund. Men den fyrste tida var det mykje dårleg ver og me fekk ikkje arbeidd så mykje. Seinare vart det finare - og mykje varmare.

### Kva var det vanskelegast med arbeidet?

- Det vanskelegaste var å setje opp kledningen på klokketårnet, for då måtte me ganske høgt

Tenkjer du at du vil arbeide med oppussing og vedlikehald i framtida og?

- Eg har tenkt å bli tømrar, så då er vel slikt arbeid innanfor det eg kjem til å halde på med då.

Me vågar oss frampå og spor Markus korleis det var å jobba saman med bestefaren. Det var varierande, seier han, men han masa heldigvis ikkje og var streng.

# Min salme

**Bjart-Magnus Ndogo Rosvold vart i sist nummer av Kyrkjebladet utfordra til å skrive om sin salme:**

På nr 86 i salmeboka står ein av dei finaste salmane eg veit om. Dette er nok ei salme som er sunge vel so mykje rundt omkring i bedehusa i Norge som i kyrkjene. «Navnet Jesus blekner aldri». Er ein enkel song med 3 vers og refreng. Men den handlar om det som er sentralt i Kristendommen, og i tru, nemleg Jesus. Dette er ein salme som ofte kjem til meg når livet går litt i motbakke. Salmen sei meg noko om kva som er viktig, og kvar det er viktig å halda fokus. Når ein har rett fokus i livet, er det ikkje fult so farleg med dei tilhøva som er rundt ein.

Salme sei også noko om den trua og vona me som kristne har. Det at me ein dag skal få ha eit evig liv saman med Jesus i himmelen. Dette er stort og komplisert og for meg umogleg å forstå. Men eg skal likevel få lov til å tru det. Det er noko av det fine med Kristendommen og trua vår. At det er lov å vera undrande. Undrande men med blikket festa på namnet Jesus.

Norsk Salmebok nr. 86.

T: David Welander 1923, etter Salme 72, 17

M: Fra Zulukirken

*1 Navnet Jesus blekner aldri,  
tærer ei av tidens tann.  
Navnet Jesus, det er evig,  
ingen det utslette kan.  
Det har bud til unge, gamle,  
skyter stadig friske skudd.  
Det har evnen til å samle  
alle sjeler inn til Gud.*

**Refreng:**

*Navnet Jesus må jeg elske,  
det har satt min sjel i brann.  
Ved det navnet fant jeg frelse,  
intet annet frelse kan.*

**2 Jesu navn! Hvor skjønt det klinger,  
la det runge over jord!  
Intet annet verden bringer  
håp og trøst som dette ord.  
For det navn må hatet vike,  
for det navn må ondskap fly.  
Ved det navn skal rettfærds rike  
skyte friske skudd på ny.**

**Refreng**

*3 Midt i nattens mørke blinker  
som et fyrlys Jesu navn,  
og hver hjelpløs seiler vinker  
inn til frelsens trygge havn.  
Og når solen mer ei skinner,  
Jesu navn, det lyser enn.  
Da den frelseste skare synger  
høyt dets pris i himmelen!*

**Refreng**

**Anders Magne Tolås Wendel  
blir med dette utfordra til å  
skrive om sin salme i neste nr.  
av Kyrkjebladet.**

## KONSERT I NESHEIM KYRKJE laurdag 31. oktober kl. 19.30

Konserten er med fleire lokale krefter, til inntekt for skulen Kely Mandresy på Madagaskar.

*Det blir gitt informasjon om skulen undervegs, og det er planlagt live-stream, slik at mange kan få med seg konserten sjølv om det er plass til få i kyrkja. Meir info kjem når det nærmar seg - set av dato allereie no!*



## ORGELKONSERTAR I NOVEMBER

**7. november kl. 16.00**

Orgelkonsert i Vaksdal kyrkje med Ruben Gjertsen.

**28. november kl. 16.00**

Orgelkonsert i Dale kyrkje med Ruben Gjertsen.



## Stovesong

Ja, ein kan vel seia at både mykje og lite og har skjedd sidan sist. For det blei lite av dei planlagde aktivitetane i vår. Frå mars ut og utover blei alt avlyst, i alle fall i si originale form. Men me laga nokre digitale songstunder til heimebruk, og sende heim «songutstyr» - rytmeegg, såpebobler og bamsar, i posten til nokre av dei yngste aldersgruppene. Slik sett samla me kanskje fleire enn me hadde gjort med dei vanlege songstundene me har i kyrkjer og bedehus? Det kom kjekke tilbakemeldingar fra dei som såg, veldig koseleg!

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Vegen i Vaksdal. Det er sjølvagt livs- og trusvegen det handlar om, og målet om at alle som er døypete eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg *Vegen i Vaksdal* på Facebook!



## Kva skjer på VEGEN framover?

### Utdeling av bok til årets seksåringar

Me skulle i år eigentleg dela ut ei bok til alle 1. klassingane i kommunen som ynskte det, under lokale gudstenester. Grunna både sjukemeldingar og korona-situasjonen, tilbyr me heller å senda boka i posten til dei i aldersgruppa som ynsker den. Det er sjølv sagt gratis. Ta i så fall kontakt med Kristin med sms til 95766379 eller på mail til ka263@kyrkja.no.

### 4-årsbøker på Vaksdal, Dale, Stamnes og i Eksingedalen

Det vert som vanleg utdeling av fireårsbøker rundt om i bygdene. Det er ein kjær tradisjon for mange å vera med på. Dataane for utdeling i år er:

Dale kyrkje: Søndag 8. november kl. 11.00

Vaksdal kyrkje: Søndag 15.november kl. 11.00

Stamnes kyrkje: Søndag 15. november kl. 16.00

Eksingedalen kyrkje: Laurdag 5. desember kl. 15.30



### Babysong, småbornssong og knøttesong

I skrivande stund har me ikkje landa heilt på oppleget rundt babysong, småbornssong og knøttesong i haust. Grunna Covid19 som framleis er på frammarsj i våre trakter, må me gjera ein del ekstra førebuingar og få inn gode smittevernrutinar før me startar opp igjen.



Førerels er planen å starta opp etter haustferien, andre torsdagen i oktober, sannsynlegvis på Dale nokre gongar først. Det vil verta påmelding med fullt namn, og avgrensa plassar. Altså ikkje drop-in somme vanlegvis har. For å få oppdatert informasjon om oppstart, kan ein fylgja Facebook-sida vår «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal», eller sjå på kyrkja sine heimesider.

I vår vart det spela inn ein del digitale «stovesamlingar», og dei fleste ligg framleis inne i den lukka gruppa, for dei som skulle ynskja å ha songstunder i stova si.

### Nytestamente til tiåringar på Vaksdal og Stamnes

På Vaksdal og Stamnes får femteklassingane Nytestamente i ei gudsteneste i haust:

Vaksdal kyrkje: Søndag 15.november kl. 11.00

Stamnes kyrkje: Søndag 15. november kl. 16.00

I dei andre bygdene er det vanleg å dela ut Nytestamente på vårhalvåret.



### Generasjonssong

Me kom litt i gong med generasjonssong før Covid19 sette ein stoppar for besøk til sjukeheimane. Det vert nok ikkje generasjonssong i haust, av omsyn til smittevern.

Men me vurderer om me skal få laga ei samling på film som dei kan få sjå på sjukeheimane. Det kunne vere fint å til dømes filmra ei babysong-samling, om foreldra gjev løye til det.



## Tankar frå trusopplæraren

Det har vore eit annleis år. Eit veldig annleis år. Og det verkar å halda fram slik. Me viser omsorg med å halda avstand til kvarandre. Me klemmer og møtest sjeldnare. Men dei møta som er, dei klemmane me gjev og far, vert liksom ekstra kvalitets. Me set meir pris på det gode, kanskje, når mykje er så annleis? Kyrkjene til dømes, er fulle av sprit, og du vert nekta adgang viss du er forkjøla... Men når ein fyrst er der, og kjenner roen senka seg, finn ein ut at ja, noko er som før! Midt i uroa, finst det ein fred. Finst det noko uforanderleg. Finst det godeauge som ser, er ein ikkje åleine. Det er godt! Ein treng forresten

ikkje i kyrkja for å kjenna freiden. Gud er der me er.

Den kreative sida mi blei utfordra i vår. Eg måtte tenkja nyt, og laga etter kvart nokre digitale songstunder frå stova, som eg delte i ei lukka gruppe på Facebook. Dottera mi, Astrid, hjelpte til innimellom. Det var kjekt å ha fleire å spela på, og ho var ivrig og kreativ sjølv. Ganske unaturleg og rart å filma seg sjølv og legga ut på denne måten, men når eg tenkte på at det var born som skulle sjå på, var det litt lettare å gjennomfør det. Eg tabba meg vel ut både ein og to gongar, men kva gjer ein vel ikkje for underhaldninga?



I påska laga eg ei digital påskevandring. Til vanleg har me ei «ekte» påskevandring i Dale kyrkje, der ein av prestane har rolla som Jesus. Denne gongen var det ein koseleg bamse med eit raudt hjarte på magen som vart Jesus, det passa i grunn ganske fint. Påskeforteljinga er både trist og glad, og essensiell i den kristne trua. Jesus leid, døydde, og stod opp att, for oss! Gud visste at me menneske al-

dri kom til å klara å leva feilfrie liv. Og viss me skulle vera saman med han, måtte det vonde i oss vekk. Det fiksa Jesus! Nåden er så fin og trygg. For me failar jo stadig vekk. Det er liksom greia med oss menneske. Det er både lys og mørke i oss alle. Då er det fint å vita at Jesus aldri faila. Han var berre lys. Og i lyset Hans, er det plass til alt mørkret vårt.

**Kristin**

## VING

Dale VING: For dei som går i 5.-7. klasse i Dale bedehus anna kvar fredag kl. 18.30-20.30.

Datoar i haust: 2., 16. og 30. oktober, 13. og 27. november.

## DET SKJER I BEDEHUSA:

### Vaksdal bedehus

Alle møta er kl. 11.00. Det er søndagsskule kl. 11.30  
11. oktober Talar: Knut-Erlend Rosvold  
1. november Talar: Reidun Skurtveit  
22. november Talar: Reidun Skurtveit

### Dale bedehus

Onsdag 7. oktober kl. 19.00: Møte ved Asle Hetlebakke  
Laurdag 24. oktober kl. 16.00: BASAR! Andakt ved Reidun Skurtveit  
Laurdag 14. november kl. 18.00 og  
Søndag 15. november kl. 18.00  
BIBEL-HELG ved Odd Sverre Hove

### Stanghelle bedehus

Laurdag 17. oktober kl. 16.00: BASAR!  
Andakt ved Asle Hetlebakke  
Onsdag 4. november kl. 19.00: Møte ved Christian Skoge

## Konfirmantjubileum til hausten

Det er berre på Dale det blir konfirmantjubileum i år, for 50- og 60-årskonfirmantane.

Søndag 18. oktober er det gudsteneste kl. 11.00, og festsamkome i bedehuset etterpå.

Ta kontakt med soknerådet (sjå s. 2) viss du saknar innbyding.

## Konfirmantar



Eksingedalen kyrkje 21. juni: Frå venstre Ruth Johanna Lavik Bjørge, sokneprest Frode Kvamsøe, (Foto: Privat)



Bergsdalen kyrkje 6. september: Frå venstre: Asbjørn Brekke Hestad, sokneprest Frode Kvamsøe, Hanna Aradhana Balika Berge. (Foto: Privat)

# Konfirmantar



**Dale kyrkje 30. august:** 1. rekke, fra venstre: Thale Faugstad, Mari Lid Lervik, Maren Boge Fotland, Nora Helle, sokneprest Frode Kvamsøe. 2. rekke: Anders Lid Toskedal, Sander Farestveit, Alexandra Roti, Martine Hop Floen. (Foto: Privat)



**Dale kyrkje 30. august:** 1. rekke, fra venstre: Jone Helle Rørbakken, Marcus Fardal-Jakobsen, Linea Marie Bruvik, sokneprest Frode Kvamsøe. 2. rekke: Sofie Dalseid, Isabella Bruvik, Oddbjørn Grenasberg Ullevoldsæter, Emma Seim Edlund, Mari Vik Dale. (Foto: Privat)



**Dale kyrkje 30. august:** Fra venstre: Håvard Olsen, Haakon Tvetrås Terjesen, Eivin Berntzen Bolstad, sokneprest Frode Kvamsøe (Foto: Privat)



**Vaksdal kyrkje 30. august:** Fra venstre: Jonas Krogsrød Brekke, Tina Frotveit, Aurora Hesjedal Haug, Thomas Bruvik, Adrian Bø Andreassen, sokneprest Edvard Bø. (Foto: Privat)



**Vaksdal kyrkje 30. august:** Fra venstre: Amalie Olaissen Hovlandsdal, Mari Hole, Eivind Prakash Faugstad Gullbrå, sokneprest Edvard Bø, Thomas Haugland Lindholm, Viljar Herfindal, Johannes Tørris Skaala Hartvedt. (Foto: Privat)



**Stamnes kyrkje 6. september:** Fra venstre: Gabriel Straume Bah, sokneprest Edvard Bø, Elias Gravdal (Foto: Privat)



**Vaksdal kyrkje 30. august:** Fra venstre: Magnus Mjelde, Sean Martin Rohde, Sondre Herfindal Nilsen, Anna Bøge Moe, Aurora Netland Magnussen. (Foto: Privat)



Vi har stillas  
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



Din lokale Rørlegger i Vaksdal

€ 95 97 17 00



## GRAVMINNEN



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

**S**  
STEINRIKET  
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)

**ARNPRO**

Tlf. 56 53 00 60 • [www.arnpro.no](http://www.arnpro.no)

**BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

## SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan  
elektrikartenester.  
Tlf. 56 59 43 00

**SparebankenVest**

– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)

## VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRA AS

Vi ordnar alt vedrørande dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -  
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

**Ve vangen elektriske a/s**

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPENOR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

[www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

# Nordhordland Begravelsesbyrå AS



AVD. VAKSDAL:

**Ann-Elin M. Gullbrå • Tlf. 56 99 25 70**

ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN.  
PLANLEGGING - BLOMAR - GRAVSTEIN  
Tlf. 56 37 14 10 • [post@nordh-bb.no](mailto:post@nordh-bb.no) • [www.nordh-bb.no](http://www.nordh-bb.no)



«Nytenkende,  
vakkert og  
verdig»

Tlf. 48 29 70 33

**GJENSKINN**

[www.gravminne.org](http://www.gravminne.org)



**Alt innan  
tømrararbeid**

Tlf. 922 65 739

[post@falkangerbygg.no](mailto:post@falkangerbygg.no)



Falkanger Bygg er  
forhandlar av Idéhus  
[Sjå idehus.no](http://Sjå idehus.no)

# SLEKTERS GANG



## DØYPTE

### Bergsdalen

- |       |                         |
|-------|-------------------------|
| 05.07 | Torstein Fosse- Fosmark |
| 06.09 | Hedda Norekvål Pahlm    |

### Dale

- |       |                         |
|-------|-------------------------|
| 28.06 | Alvin Trohjell Andersen |
| 28.06 | Marius Hagen Dalseid    |
| 28.06 | Iris Trohjell           |
| 23.08 | Olai Rørvik-Olsen       |
| 23.08 | Luca Dahle Sandvik      |

### Eksingedalen

- |       |                       |
|-------|-----------------------|
| 21.06 | Elsa Flatekval Schulz |
|-------|-----------------------|

### Nesheim

- |       |                |
|-------|----------------|
| 16.08 | Selmer Nesheim |
|-------|----------------|



## DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

### Dale

- |       |                        |      |
|-------|------------------------|------|
| 15.07 | Agnes Reigstad         | 1921 |
| 16.07 | Bjørn Gunvar Hop       | 1969 |
| 26.06 | Haldis Dorthea Hagebø  | 1931 |
| 14.08 | Inger Johanne Ringheim | 1933 |

### Eidsland

- |       |          |      |
|-------|----------|------|
| 24.08 | Odd Nese | 1937 |
|-------|----------|------|

### Eksingedalen

- |       |                     |      |
|-------|---------------------|------|
| 19.07 | Kåre-Magnar Trefall | 1959 |
| 12.08 | Tore Fjellanger     | 1946 |


### Stamnes

- |       |                            |      |
|-------|----------------------------|------|
| 28.08 | Lauritz Alfred Fyllingslid | 1926 |
|-------|----------------------------|------|

### Vaksdal

- |       |                          |      |
|-------|--------------------------|------|
| 18.06 | Geir Atle Melcher        | 1944 |
| 21.06 | Reidar Ulevik            | 1932 |
| 04.07 | Eldbjørg Nordvik         | 1936 |
| 07.07 | Magnhild Mundal Sæterdal | 1929 |
| 30.07 | Eileen Mary Olsnes       | 1933 |


**DALETEC**



## VELKOMEN TIL KYRKJA

### Søndag 27. september - 17.sønd. i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 18.00. Ungdomsgudsteneste, ved Kvamsøe og organistane m/band. Nattverd. Takkoffer til Sjømannskyrkja. Presentasjon av konfirmantane i soknet. Innslag ved Sjømannskyrkja. Kyrkjekaffi

### Søndag 4. oktober - 18.sønd. i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste, ved Kvamsøe. Nattverd. Takkoffer til HimalPartner. Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 18.00. Ungdomsgudsteneste, ved Bø. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

### Søndag 11. oktober - 19.sønd. i treeiningstida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste,, ved Bø. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS Bjørgvin.

VAKSDAL KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste, ved Kvamsøe. Nattverd. Takkoffer til HimalPartner.

### Søndag 18. oktober - 20.sønd. i treeiningstida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste med konfirmantjubileum, ved Kvamsøe. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

### Søndag 25. oktober - Bots- og bededag

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Bots- og bønedagsgudsteneste, ved Bø. Nattverd. Takkoffer til Strømmestiftelsen.

EKSINGEDELEN KYRKJE kl. 15.00. Bots- og bønedagsgudsteneste, ved Bø. Nattverd. Takkoffer til Sjømannskyrkja.

### Søndag 1. november - Helgemessesøndag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste, ved Bø. Nattverd. Takkoffer til Stefanusalliansen. Kyrkjekaffi.

### Søndag 8. november - 23.sønd. i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste, ved Bø. Nattverd. Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid. Kyrkjekaffi.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste, ved Kvamsøe. Nattverd. Takkoffer til IKO - Kristent pedagogisk senter. 4-åringane er innbedne for å få bok. Kyrkjekaffi.

### Søndag 15. november - 24.sønd. i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste, ved Audestad og Bø. Nattverd. Dåp. Takkoffer. 4-åringane er innbedne for å få bok. 10-åringane er innbedne for å få Nytestamente. Kyrkjekaffi.

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste, ved Audestad og Bø. Nattverd. Takkoffer til Trusopplæringa. Barnekoret syng.

4-åringane er innbedne for å få bok. 10-åringane er innbedne for å få Nytestamente. Kyrkjekaffi.

### Søndag 22. november - Domssøndag/Kristi kongedag

Ingen gudstenester i Vaksdal

*Sjå annonsar i lokalavisa, oppslag, og på [www.kyrkja.no/vaksdal](http://www.kyrkja.no/vaksdal) for eventuelle endringer.*

*Dåp: For tida har me eigne dåpsgudstenester. Ta kontakt med Kyrkjekontoret viss de ynskjer dåp.*



*Bunad og stakkastovo as*

*ny bunad'*

*omsom*

*bunadsolv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen*

*[www.bunadogstakkastovo.no](http://www.bunadogstakkastovo.no)*